

Oppsummering Kretsmøter 2018

RU-Vest



Nortura
bondens selskap

Generell informasjon

- 30 møter i 33 kretser fra 19.02. til 1.03. 2018. 28 av møta var kveldsmøter, i 2 kretsar var det dagmøter.
- Av 4323 registrerte medlemar møtte 898 mot 972 i 2017.
- Det er 20,8% av antal medlemar mot 21,9% i fjor.
- Av desse møtte 14,7% - 132 - kvinner mot 15,7% kvinner – 153 stk.
- På møta møtte Jan Erik Fløtre, Jon Lilleslett og Inger Lise Aa. Rettedal frå konsernstyret.
- Frå Konsernleiinga var Robert Bekkhus og Torleif Bjella på 1 møte kvar.
- Elles var det leiar og nestleiar fra AU og regional administrasjon som dekkja møta.

Saker som gjekk igjen under årsmelding og rekneskap

- Det meste av fokuset i møta var retta på det dårlege resultatet og innspela kan samanfattast slik:
- Distribusjonsavtale må reforhandlast – dei fleste møta sa seg samde med innspel frå krets 119 – eventuelt innspel frå Midt-Noreg. Og fokus på mogleg samarbeid med Tine på distribusjon som løysing.
- Ein del spørsmål og innspel på Medlemskapital og utbetaling her.
- Fremskutt lager – dette virkar nesten uverkeleg på bonden at det går an.
- Ubalansen i dyreslaga mot marknaden må gjerast noko med – også i samarbeid med bonden – og sett opp mot import.
- Avtaler – her er Nortura dårleg og mange møter meinte at leiinga har dårleg styring.
- Fokus på kjedemakta, vanskeleg å finne Gilde og Prior i butikk
- Men treng nok administrasjon til å kunne stå imot kjedane, slik at dei ikkje går bakover i verdikjeda!!
- NOVA – redsel for underbudsjettering og nye kostnadssprekk!!

Drift og marknad

- Mange opptekne av at det er mange butikkar uten lammekjøtt i diskane, også for lite av merkevarene våre.
- Treng meir nettsal og fleire andre salskanalar.
- Stort fokus på storfe – overproduksjon og prisløype som ikkje passar bonden.
- Frakttilskotet må ein ha fokus på mot Jordbruksforhandlingane, Landbruk over heile landet er det staten som skal betale for, ikkje Nortura.
- Treng meir kortreist mat med historie for å auke prisnivået.
- Kutt i ansette – IKKJE KUTT I RÅDGIVARKORPSET
- Kvifor har ein ikkje sett på nedbemanning før? Om ein ikkje treng dei som no skal gå?
- Bør løne bonden for nettinnmelding slik som FK gjer.
- Bør sjå på Medlemsdemokratiet – er dette for stort og for dyrt?

Open post

- Teljedato – må bort snarast mogleg – Nortura må presse på her.
- Treng omtale av alle produksjonar i alle kretsmøta
- Det må gjerast mykje meir for å selje produkt av ung sau og sau.
- Bort med kalkunbacon (bacon er gris)
- Treng gåvepakningar med spekemat – eventuelt andre varer – spesielt opp mot jul.
- Treng avlivingskurs no med dyrevelferd i fokus.
- Hygienetrekking på pelssau – trekking bør leggast på skinnpris og ikkje belastast bonden.
- Returpunkt på Stette fungerer dårleg. Må sjåast på.
- Omsett kalv kom ned berre eitt øyremerkje, Nortura skulle sende dette, manglar enno
- Ramsalt lammekjøtt – ikkje etande. Dårlig reklame.
- Krets 59 vil ha tur til Førde-anlegget i oktober.

Open post

- Spørsmål om utbetaling av refusjon for prøvetaking storfe
- Krets 69 – ber om at gardsoverdragingar vert følgde opp betre. Er ein for liten?
- Spørsmål om medlemskjøpet i Førde – både omsetning og oppgradering.
- Eit møte med fokus på styremedlem som driv sal av nisje.
- Skryt til sjåførane – veland er dei særst nøgde med i Hardanger

Sak om Nye Kretsgrenser

- Dette gjeld kretsane 67-Askvoll, 68-Gaular og Fjaler og 69-Solund, Hyllestad, Høyanger nord.
- Vedtak i krets 67 – Askvoll ynskjer å vere eigen krets vidare.
- Vedtak i krets 68 – Gaular og Fjaler ynskjer å vere eigen krets vidare, men inviterer krets 69-Solund, Hyllestad, Høyanger nord inn i kretsen om dei vil det.
- Krets 69 – hadde avstemming om alternativa, der det vart vedteke å gå saman med heile krets 68 eller Fjaler frå neste kretsmøte.
- Forslag til vedtak i RU-Møte Vest: Krets 68-Gaular og Fjaler og krets 69-Solund, Hyllestad, Høyanger nord går saman til ein krets frå kretsmøtet i 2019.

Og så tek Arbeidsutvalet sakene vidare for oppfølging

